



--

Arkiv saknr:	2019/985
Løpenr.:	6848/2019
Arkivkode:	020

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Formannskapet		
Kommunestyret		

Sakshandsamar: Jan Myrekrok

Ditt og mitt Vestfold og Telemark - eit kunnskapsbilete i utvikling

Vedlegg:

- 1 Saksframlegg til Fellesnemnda
- 2 Ditt og mitt Vestfold og Telemark - et kunnskapsbilde i utvikling

Bakgrunn:

Fellesnemnda for Vestfold og Telemark handsama i sak 16/19 eit førebels kunnskapsgrunnlag og plan for ein regional planstrategiprosess. Fellesnemnda sitt vedtak er teken inn i ramma under:

- | |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <ol style="list-style-type: none">1. Fellesnemnda tar kunnskapsgrunnlaget Ditt og mitt Vestfold og Telemark – et kunnskapsbilde i utvikling foreløpig til orientering.2. Fellesnemnda slutter seg til plan for en regional planstrategiprosess slik det går frem av saksutredningen.3. Prosjektleder bes sørge for at dokumentet i større grad tar utgangspunkt i utfordringer og muligheter for bosetting og næringsutvikling i hele Vestfold og Telemark. |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

Kunnskapsgrunnlaget vil danne eit viktig utgangspunkt for det nye fylkestinget sitt regionale planstrategiarbeid i 2020, og den vidare utforminga skal skje i nært samarbeid med kommunar, næringsliv og andre viktige samarbeidspartnarar. I arbeidet med å skape ei felles forståing av regionen, inviterer fellesnemnda til innspel med m. a. utgangspunkt i følgjande spørsmål:

- Kva er dei viktigaste områda regionen i fellesskap må prioritere?
- Kor relevant er kunnskapsbiletet?
- Korleis skape nye, prioriterte og relevante samhandlingsarenaer som utnyttar mogleiksrommet den nye regionen gir?

Frist for å kome med innspel er 15. mai.

Vurdering:

Kunnskapsgrunnlaget freistar å sjå den nye regionen under eitt og bidra til å skape ei felles forteljing om innbyggjarane og føresetnadane for samfunnsutvikling, verdiskaping og samarbeid i regionen dei komande åra.

I Vinje har følgjande område vore sett på som viktige:

- Samferdselsutvikling
- Reiseliv og næringsutvikling
- Vidaregåande skuletilbod på Dalen
- Samarbeidet med Universitet i Sørøst-Norge (USN)
- Kollektivtilbodet og skuleskyss
- Samfunnstryggleik og beredskap, herunder likeverdige akuttmedisinske tenester

I høve til samhandlingsarenaer, så har fylkeskommunen sine *Arena*-møter vore eit godt forum for drøfting og forankring av felles strategiar og prioriteringar. Det er ønskeleg at denne arbeidsmåten blir vidareført. Likeeins gjeld dette *Verkstad*-forma i til dømes arbeidet med samordna areal- og transportplan (ATP). Samhandling, god og hyppig kontakt med den felles stortingsbenken vil kanskje vere ei utfordring som må løysast framover. Det er ønskeleg at slike dialogmøter har ein meir uformell agenda, utan mange førebudde innlegg, der det er tid å ta opp ulike saker som dei einskilde kommunane er opptekne av.

Rådmannens framlegg til vedtak:

- 1. Vinje kommunestyre ser områda samferdselsutvikling, reiseliv, næringsutvikling, vidaregåande skuletilbod på Dalen, samarbeidet med USN, kollektivtilbod og skuleskyss, samt samfunnstryggleik og beredskap inkludert likeverdige akuttmedisinske tenester som viktige at regionen i fellesskap prioriterer framover.**
- 2. Vinje kommunestyre ønskjer at fylkeskommunen held fram med *Arena*-møter der særskilde tema blir behandla, og ordførarmøter der open dialog blant deltakarane er prioritert.**

Rådmannen, 02.04.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/